Uttale frå fylkesrådet for eldre til «Revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter».

Føremålet og måla som er skissert i planprogrammet ser greitt ut. I medverknadsprosessen er det viktig å få med alle grupper som bør bli høyrt. I eit eldreperspektiv kan lokale høyringsmøter vere viktige for å nå ut med informasjon. For å nå ut til lag og organisasjonar, kan korte samandrag og enkle problemstillingar til diskusjon, vere ein måte å engasjere på. Vi ser at kapittelet «utgreiingsbehov i planprosessen» bør gje den naudsynte kunnskapen. Det er nemnt tilrettelegging for kollektivtransport, syklande og gåande, men det er i tillegg viktig med parkeringsplassar. Punkta under konsekvensutgreiing, vil kunne gje eit godt grunnlag for ein differensiert og funksjonell regional plan for lokalisering av handel og kjøpesenter.

Dei eldre lev stadig lenger og er meir aktive enn før. For eksempel så køyrer dei bil lenger og dei nye moglegheitene med el-syklar gjer dei i stand til å ferdast meir enn tidlegare. Ved planlegging av lokalisering av handel og kjøpesenter er det viktig med gode gang-/ og sykkelvegar, gode og romslege parkeringstilhøve og god offentleg transport for dei gruppene som treng det. Samtidig er det viktig å ha fokus på belysning og snørydding. Det er ynskje om tilrettelagte sitjeplassar både ute og inne.

Universell utforming må gå igjen i alt planarbeid. Herunder med moglegheit for opphald og tilgang for alle.

Det før vurderast om det er andre stader i fylket som bør kome med under punktet «senter i BAS regionar».